



Rune Kristensen  
Haukeberget 12  
5119 ULSET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/5742 - 22/74856

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
29.09.2022

Løyve til dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg - gbnr  
214/202 garasje Fyllingsnes

**Administrativt vedtak:** Saknr: 1055/22  
**Tiltakshavar:** Rune Kristensen  
**Ansvarleg søkjar:**  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

#### VEDTAK

Det vert gjeve dispensasjon frå Veglova § 29 for oppføring av garasje i strid med byggegrense mot kommunal veg KV 1110 på gbnr 214/202.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast 11 meter frå vegmidten, som vist i situasjonsplan mottatt 15.08.22.

Vedtaket et hjemlet i veglova § 29.

#### SAKSUTGREIING

##### Tiltak

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg for oppføring av garasje med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. under 50 m<sup>2</sup>.

Det vert elles vist til søknad motteken 22.07.22.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett då han var motteken. Det er ikkje satt frist for handsaming av saker etter veglova.

## **Planstatus**

Tiltaket ligg i uregulert område, innanfor det som i Kommunedelplan for Lindås er angitt som «bustaden». Riving og oppføring av garasje vil vere i samsvar med arealføremålet. Tiltaket er og utenfor byggjeforbodssone mot sjø, og vil difor ikkje krevje dispensasjon frå dette.

Frittliggjande bygning på bebygd eigedom som ikkje skal brukast til beboelse, som er innanfor 50m<sup>2</sup> BRA og BYA, og som ikkje er høgare enn 4m møne og 3m gesims, kan først opp utan søknad eller ansvasrett jf. SAK10 § 4-1(1)(a).

At tiltaket ligg i støysonen får ingen betydning for dette tiltaket.

Tiltaket ligg nærmare enn 15m frå kommunal veg. Sjølve vegen ligg innanfor regulert område for Stemmemyra 1263-17022006, mens garasjen omfattast av kommunedelplanen.

## **Dispensasjon**

Tiltaket krev dispensasjon frå Veglova.

## **Uttale frå anna styresmakt**

Det er henta inn uttale frå anna styresmakt. Samferdsel-, veg, vatn og avløpsavdelinga har uttalt følgjande i sak 22/6373 den 19.09.22:

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til forespørsel om uttale på søknad om dispensasjon fra byggegrense mot veg for etablering av ny garasje.

Vi finner det forsvarlig at det blir gitt dispensasjon fra byggegrense mot veg for oppføring av garasje så lenge garasjen blir opparbeidet etter den gitte situasjonsplanen.

Dersom det oppstår skade på garasjen, som følge av garasjen sin plassering i forhold til vegen, vil dette være kommunen uvekkommende.

## **Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan mottatt 15.08.22.

Tiltaket er plassert utanfor byggegrense i plan på 15 m frå offentleg kommunal veg.

Avstand til offentleg kommunal veg er opplyst å vere 11,0 meter frå vegmidten. Vegstyresmakta har i uttale av 19.09.22 gjeve positiv vurdering til plassering av garasje slik den er omsøkt.

## **VURDERING**

### **Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for at kommunen skal kunne gje dispensasjon. For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Forvaltningspraksis i kommunen har vore å tillatte mindre tiltak på bygd eigedom som utløysar ingen stor verknad for kommunal veg ved vedlikehald, snøbrøyting, arealbehov etc.

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at eksisterande garasje som skal rivast står på same staden med omtrent same avstand til veg. Avstand på 11 meter er tilfredsstillande for å ivareta interesser til framtidig vegforvaltninga, jf. Uttale frå samferdsel mynde av 19.09.22.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra for å gje dispensasjon frå byggjegrænse mot veg, jf. veglova § 29 er oppfylt.

### **Regelverk**

- Tiltak etter veglova § 29.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

### **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

### **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

### **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 22/5742**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Rune Kristensen

Haukeberget 5119  
12

ULSET